

Alver Kommune,  
Plan, bygg og eigedom  
Postboks 4  
5906 Frekhaug

Tone Hopsdal  
Schrivarhaugen 21a  
5918 Frekhaug  
Epost: [toneih@gmail.com](mailto:toneih@gmail.com)  
Telefon: 97162164

20.03.2021

**Søknad om dispensasjon frå byggegrense for støttemur, Schrivarhaugen 21, gnr. 323, bnr. 525**

Vi ynskjer med dette å søkje om å ferdigstille ein eksisterande støttemur på tomtegrensa mot kommunal veg i Schrivarhaugen på Frekhaug.

Sjå vedlegg «Dispensasjonssøknad» for nærare skildring av tilstand og plan. Det dokumentet var vedlegg til nabovarselet. Sjå også vedlegget «Foto» der planlagt mur er markert på fotografi.

Vi har fått opplyst frå rådgjevar i Alver kommune at det ikkje vart søkt om støttemur då huset vart bygd i 2014. Vi har tidlegare antatt at den eksisterande delen av støttemuren vart satt opp samstundes med at huset vart bygd. Men vi har fått nærare opplysningar frå naboar i forbindelse med nabovarselet. Naboar opplyser at muren «alltid» har vore der. Den sto der allereie då området i Schrivarhaugen vart bygd ut med tomannsboligar på slutten av nittitalet, og mogeleg i lengre tid før det også. Sjå vedlegg «mur i kart» for skisse av eksisterande mur og planlagt bygd mur.

Det har kome inn ein kommentar på nabovarselet. Sjå vedlegg «SvarPaaNabovarsel».

Rune Takvam skriv:

*«En kommentarer: At det blir satt opp et "gjennomsiktig" gjerde siden høyeste punkt på mur i dag er 1,6 meter. Da blir topp høyde på mur inkl gjerde min 2,5 meter tett inn til kommunal vei.»*

Det er bygging av mur på tomtegrense vi søker dispensasjon for. Ikkje det å setje opp eit gjerde på muren. Det vart berre nemnt for å gje naboar og kommunen eit totalinntrykk av planen for tomte. I gjeldande reguleringsplan, paragraf 2 punkt f, står det: «*Støttemur mot offentleg veg med høgde over 1 m skal sikrast med gjerde.*» Planen er uansett å setje opp eit gjerde som ikkje hindrar sikt. Dette er ikkje søknadspliktig.

Mvh  
Tone Hopsdal